

## KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/31/28

av 8. juni 2000

## om tredje endring av vedtak 1999/789/EF om visse vernetiltak mot afrikansk svinepest i Portugal(\*)

[meldt under nummeret K(2000) 1567]

(2000/382/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll og avlskontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked<sup>(1)</sup>, sist endra ved direktiv 92/118/EØF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 10 nr. 4,med tilvising til rådsdirektiv 89/662/EØF av 11. desember 1989 om veterinærkontroll ved handel innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked<sup>(3)</sup>, sist endra ved direktiv 92/118/EØF, særleg artikkel 9 nr. 4,med tilvising til rådsdirektiv 80/215/EØF av 22. januar 1980 om dyrehelseproblemer ved handel med kjøttprodukter innenfor Fellesskapet<sup>(4)</sup>, sist endra ved direktiv 91/687/EØF<sup>(5)</sup>, særleg artikkel 7a nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) 15. november 1999 braut det ut afrikansk svinepest i kommunen Almodovar i regionen Alentejo i Portugal.
- 2) Ved vedtak 1999/789/EF<sup>(6)</sup> gjorde Kommisjonen visse tiltak for å kjempe mot sjukdommen og hindre at han spreier seg.
- 3) Ved vedtak 2000/64/EF<sup>(7)</sup> og 2000/255/EF<sup>(8)</sup> endra Kommisjonen vedtak 1999/789/EF for å ta omsyn til utviklinga av situasjonen.
- 4) Ved vedtak 2000/62/EF<sup>(9)</sup> godkjende Kommisjonen ein plan som Portugal har lagt fram for overvaking av afrikansk svinepest, og som inneheld fleire tiltak mot sjukdommen.
- 5) Denne planen vil verte nytta minst så lenge som dette vedtaket gjeld.

6) I lys av den gunstige utviklinga av situasjonen må vedtak 1999/789/EF endrast for tredje gong for å minske restriksjonane på handelen med levande svin og produkt av svinekjøt.

7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste veterinærutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I vedtak 1999/789/EF vert artikkel 1 nr. 2 og 3 oppheva.

*Artikkel 2*

I artikkel 6 i vedtak 1999/789/EF, endra ved vedtak 2000/255/EF, vert «31. mai 2000» endra til «30. november 2000».

*Artikkel 3*

Medlemsstatane skal endre dei tiltaka som dei nyttar på handelen, slik at dei vert i samsvar med dette vedtaket. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

*Artikkel 4*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatene.

Utferda i Brussel, 8. juni 2000.

*For Kommisjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 139 av 10.6.2000, s. 41, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 131/2001 av 23. november 2001 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasanitære forhold), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 6 av 24.1.2002, s. 12.

<sup>(1)</sup> TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29.

<sup>(2)</sup> TEF L 62 av 15.3.1993, s. 49.

<sup>(3)</sup> TEF L 395 av 30.12.1989, s. 13.

<sup>(4)</sup> TEF L 47 av 21.2.1980, s. 4.

<sup>(5)</sup> TEF L 377 av 31.12.1991, s. 161.

<sup>(6)</sup> TEF L 310 av 4.12.1999, s. 71.

<sup>(7)</sup> TEF L 22 av 27.1.2000, s. 67.

<sup>(8)</sup> TEF L 78 av 29.3.2000, s. 35.

<sup>(9)</sup> TEF L 22 av 27.1.2000, s. 65.